



# DEN NORSKE KYRKJA

## Bjordal og Ortnevik sokneråd

### Møteprotokoll for Bjordal og Ortnevik sokneråd tysdag 03.01.23 kl. 17.00 – 19.00 i Gamlebanken i Bjordal.

Tilstades: Sissel Sørebo, Joar Oppedal, Alf Magnar Svartemyr, Ingunn Østerbo, Geir Sørebo og sekretær Ann Iren Østerbo.

Åge Østerbo på telefon.

Fråverande: Kenneth Førde og vara Jon Nesheim

Ord for dagen: Geir las salmen Den store stjerna, og ei bøn for Kristi Openberringsdag.

Innkallinga vart godkjent.

Sak 03/23 blir siste sak. Presten skal ikkje vere med i samtalen i denne saka, og då kan han reise heim.

#### Meldingssaker:

01/23 Info frå fellesrådet – Sissel informerte om tilsetjingane den siste tida.

Rekning frå fellesrådet kr. 1.650,- for konfirmantåret var sendt foreldra. Soknerådet dekkja mellomlegget over kr. 800,- som var sett som eigenbetaling i invitasjonen til konfirmantane.

02/23 «Symbolske gaver» til frivillige i kyrkjelyden frå soknerådet – aktørane på julekonserten, takk for lån av lokale i Gamlebanken og takk for tilverking av dåpslysestakar.

03/23 Arne og Ingunn leverte ut Helgestunder i Ikjefjord, for ein gong skuld før andre. Men framleis rot i systemet med utdeling frå Posten også !

04/23 Valkurs i Førde 11. januar – frå 17.00 - 21.00 i Kyrkjelydshuset. Ann Iren, Sissel og Joar er påmeldt.

05/23 Framleis ingen søkjarar til kyrkjetenarjobben. Ny plakate vart laga. Aktuelle kan spørjast.

06/23 Prestestillinga vert utlyst til våren. Geir er vikar fram til 1. juni.

#### Sakliste

##### Sak 01/23 Godkjenning av møteprotokoll frå soknerådsmøte 1. november.

**Vedtak:** Møteprotokoll frå 1. november vart godkjent.

##### Sak 02/23 Desse arrangement/tiltak har vi hatt sidan forrige soknerådsmøte :

- Helgemesse i Bjordal 6. nov. – 14 personar - ein konfirmant var med og tente lys.
- Andakt på Bygdetunet 16. nov v/Geir og konfirmantane - levande musikk til songen er eit sagn.
- T- klubb/ adventverkstad 22. nov. på Sørebo var vellukka – 5 barn + Mari- Ann, Sissel, Thea E. og Ann I.
- Forum for tru og tanke ( 2. trusartikkel ) på Osland Brygge 23. nov. – 7 personar. Vi prøver med ein annan formulering på plakaten neste gong, for å sjå om det kan føre til fleire frammøtte.
- Lysmesse i Bjordal 4. des. - 32 personar. Dei to konfirmantane og Geir hadde eit fint opplegg.
- Julekonsert i Ortnevik 11. des. – 75 personar. Flotte framføringar og god allsong.
- Julegudsteneste v/Geir i Ortnevik ( 34 ) Gunnvor var kyrkjevert. I Bjordal ( 45 ) Sissel og Sølvi Gunn var kyrkjevertar. Anders Brekke spelte og Elena Søreide song solo i begge kyrkjene.
- Framleis God helg v/Geir Sørebo på nett.

##### Sak 03/23 Rådgjevande avrøysting - ny biskop i Bjørgvin.

Soknerådsmedlemmane stemte over kven av dei 6 kandidatane som ein ynskjer som ny biskop i Bjørgvin. Tre namn i prioritert rekkefølge er :

**Vedtak :** Rådgjevande avrøysting i Bjordal og Ortnevik sokneråd :

Nr. 1 Gudmund Waaler	3 av 5 stemmer
Nr. 2 Ragnhild Jepsen	4 av 5 stemmer
Nr. 3 Sunniva Gylver	2 av 5 stemmer

##### Sak 04/23 Forslag til gudstenesteplan/ halvårsplan for våren 2023

Planen vart lagt fram på møtet, og vi hadde ein gjennomgang. Noko av det som kom fram i samtalen:

Geir høyrer med trearbeidar Arthur om å lage ei gåve til kyrkjetenar som har slutta. Overrekking på gudstenesta 12. feb. Joar og Ann I. bestiller kake frå bakeri.

Det trengs yngre krefter til dugnad på kyrkjegarden i Bjordal. Kan Åge/ Kenneth ha hovudansvar ?  
Er det mogeleg å få til ei samling for ungdom i Gamlebanken?  
**Vedtak:** Soknerådet sluttar seg til forslag til halvårsplan.

**Sak 05/23 Møteplan vidare.**

**Vedtak:** Tysdag 7. februar kl. 17 -19 i Gamlebanken

Sissel Sørebo  
leiar

Ann Iren Østerbo  
sekretær

Kopi: Høyanger kyrkjekontor